

## Referat frå møte i Skulemiljøutvalet (SMU) og Samarbeidsutvalet (SU) ved Landro skule

Tidspunkt:	<b>Torsdag 11.03.21</b> <b>SMU kl. 18-19</b> <b>SU kl. 19-20</b>	Stad:	<b>Landro skule på</b> <b>personalrommet</b>
------------	--	-------	---

### Desse var kalla inn:

Birte Berge Antvedt	Foreldrerådet, leiar FAU
Christine Brogstad	Foreldrerådet, nestleiar FAU (meldt avbod)
Lisbeth Kvalheim	Undervisningspersonalet (deltok på SU-møte)
Ingvild Langeland Tellnes	Undervisningspersonalet
Monica H. Sæle	Andre tilsette
Hege Misje	Kommunal representant, politisk
Petrine S. M. Vindenes	Elevrådet, vara
Aurora Regine Olsvik	Elevrådet, vara (meldt avbod)
Anita Vabø	Kommunal representant, rektor

<b>Sak nr.</b>	<b>Møte i skulemiljøutvalet (SMU)</b>
<b>21-20/21</b>	<b>Status frå elevrådet</b> Ingvild og Petrine informerte om kva elevrådet har hatt fokus på den siste tida. Elevane er flinke til å kome med ulike forslag og innspel på elevrådsmøta. Dei har kome med ønskjer til innkjøp av bøker i biblioteket. Nokre trinn har også ønskje om fleire brettspel på klasseromma. Vi drøfta at vi har mange spel rundt om i skapa på skulen, men at det nok er litt ulikt fordelt. Kva med å samle brettspela ein plass for utlån, t.d. på biblioteket? Elevrådet tek desse sakene vidare til bibliotekansvarleg.  Musikk ute i friminutta om fredagen er også klassar som ønskjer seg. Vi kan prøve å sjå korleis det fungerer.

	<p>Mange ballar hamnar på taket under leik både i skuletid og på fritid. Det er ikkje så lett å få dei ned att, spesielt ikkje på dei høgste partia. Vaktmeister må med jamne mellomrom prøve å få ned flest mogleg.</p> <p>Elevrådet har fått inn ein del forslag til namn på det som skal bli vårt eige «TL-program» frå hausten av. Elevrådet skal jobbe vidare med å kåra eit namn.</p> <p>Elevrådet har i samarbeid med koordinator for TL-programmet kjøpt inn ein del utstyr til bruk i friminutta. Det er blant anna kjøpt inn fotballar, handballar, kanonballar, moonballar, kjepler, tennisballar, hoppetau og rockeringar. FAU har bidrege med 8000,- til innkjøp, og skulen har dekt resterande.</p>
<p><b>22-20/21</b></p>	<p><b>17. mai</b></p> <p>Grunna smittesituasjonen med Covid-19, må det også i år bli ei annleis 17. mai-feiring. Fau-leiar fortel at føresette frå 3. og 5. trinn er med i 17. mai komitè, og at representantar frå komitèen skal delta på kommunalt møte 16.03. Det er kulturleiar som har invitert alle 17. mai komiteane til dette fellesmøte. I dette møtet vil dei drøfte kva som skal skje på sjølve 17. mai. Dersom det blir bilkortesje har FAU Landro eit forslag om at ruta bør vere innanfor skulekrinsen. Då blir det nok lettare å få folk med langs ruta.</p> <p>Teamleiarane ved skulen tek 17. mai opp som tema på neste teammøte. I fjor arrangerte vi vår eigen 17. mai for 1.-4. trinn i skuletida. I år håpar vi at alle klassar er til stades på skulen og kan delta. Det hadde vore kjekt å starte dagen med 17. mai-tog. Dette skal gå bra så lenge vi har avstand mellom kvar klasse/trinn. Deretter kan ein ha ulike tradisjonelle 17. mai aktivitetar på skuleplassen. Forslag: 1.-4. trinn før lunsj, og 5.-7. trinn etter lunsj. Vi kan disponera parkeringsplassen denne dagen for å spreia elevane over eit større område med tanke på smittevern. Aktuell dag er onsdag 12.05, dette fordi det er elevfri torsdag og fredag før 17. mai. Skulen tek innspela frå SU med seg i vidare planlegging. I så spesielle tider som vi har hatt det siste året er det særskilt viktig å kunne gi elevane ein kjekk dag med 17. stemning på skulen.</p> <p>Skulen og FAU vil samarbeide for å få til eit godt arrangement både i skuletid og på sjølve dagen. Det er eit ønske frå skulen at FAU kan bidra med innkjøp av litt premiar til 17. mai feiringa på skulen. Let det seg gjere?</p>
<p><b>Møte i samarbeidsutvalet (SU)</b></p>	
<p><b>23-20/21</b></p>	<p><b>Saker frå FAU:</b></p> <p><b>Orientering om manglar etter utbetring av vegen i Landrodalen</b> Nokre av manglane er no utbetra. Det har kome nytt autovern på deler av strekninga.</p>

	<p><b>Opplegg/informasjon frå tidlegare 17. mai arrangement i regi av FAU</b></p> <p>Det har vore vanskeleg å finna skriftleg informasjon om opplegg og rutinar for gjennomføring av tidlegare 17. mai arrangement ved skulen. Fleire har vore kontakta utan at det har gitt resultat. Tidlegare komitear har truleg ein god del skriftleg materialet som kan delast. I år blir det ikkje tradisjonell 17. mai-feiring ved skulen, men neste år treng ein dette for å ikkje starte med «blanke ark».</p> <p><b>FAU-møte</b></p> <p>Det er ikkje så mykje nytt frå FAU sidan sist då møtet vart utsett. Neste møte i FAU blir gjennomført torsdag 18.03.</p>
24-20/21	<p><b>Ressursbank/nettsider</b></p> <p>På sist møte vart det stilt spørsmål om det kan vere lurt å samle ulike ressursar/lenker som er aktuelle for føresette å gå inn på. Til dømes informasjon om ulike hjelpetilbod.</p> <p>Rektor informerer om at det både på kommunen si heimeside og på skulen si heimeside er lagt inn meir informasjon inn om ulike hjelpetilbod i kommunen. Ved å gå inn på skulen si heimeside finn ein meir informasjon om følgjande tilbod/tema under <u>hjelpetenester</u>: mobbing, kommunepsykolog for barn og unge, pedagogisk psykologisk teneste (PPT), fysioterapi for barn og unge, ergoterapi for barn og unge, er du bekymra for barn og unge (alarmtelefon, barnevernvakt, konsultasjonsteam for vald og overgrep), skulevegving, lese- og skrivevanskar og Betre tverrfagleg innsats (BTI).</p> <p>Både FAU og skulen kan jobbe for å gjere denne informasjonen endå betre kjent for føresette.</p> <p>Betre tverrfagleg innsats (BTI) er eit satsingsområde under oppvekst sine tenester. I desse dagar blir det gjennomført opplæring i ulike verkøy som skal nyttast for best mogleg samhandling og oppfølging av barn og unge.</p>
25-20/21	<p><b>Samarbeid og samhandling i nærområdet.</b></p> <p>FAU-leiar har ikkje høyrte noko meir frå FAU Ågotnes etter at ho tok kontakt tidlegare.</p> <p>Rektor har teke kontakt med Anette Henden som har stillinga som SLT-koordinator i kommunen. SLT står for «Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak». Ho jobbar pr. no mest inn mot ungdomsskulane, men er einig i at det er viktig å tenke tidleg innsats også på dette feltet. Vi ser at problematikken som tidlegare var meir vanleg i ungdomsskuletida har forplanta seg ned i barneskulen.</p> <p>I våre drøftingar i SU er vi opptekne av elevane på mellomtrinnet. Vi trur det er mykje å hente på å ha fokus på god samhandling og førebyggjande arbeid for denne gruppa. Ha blikket på kva som rører seg i lokalmiljøet, jobbe saman for positive fritidsaktivitetar og god oppfølging av hjelpeapparatet for dei som treng det. Vi trur at både</p>

	<p>FAU og barneskulane har mykje å bidra med for å skape best moglege overgangar til ungdomskulane.</p> <p>SLT-koordinator kunne fortelje at det er ein del planar for utvikling av Frihuset på Ågotnes, men mykje har stått på vent grunna koronasituasjonen. Ho takka for at vi tok kontakt, og skulle kopla oss på der det var naturleg med tanke på betre samhandling i nærområdet.</p>
<b>26-20/21</b>	<p><b>Avvik skuleskyss Landro-Misje/Turøy</b></p> <p>05.02.21 hadde skulen og FAU nytt møte med Skyss og Tide, samferdsleavdelinga var også representert. Dialogen var god i dette møtet, og det vart jobba med ulike tiltak for å unngå nye avvik der elevar kryssar hovudveg. Det har ikkje vore nye avvik dei siste månadane, så det kan sjå ut for at tiltaka verkar.</p>
<b>27-20/21</b>	<p><b>Ny avtale vedr. hente plass for minibuss på Misje frå hausten av</b></p> <p>Skulen er i dialog med samferdsleavdelinga i kommunen, og ønsket frå samferdsle er at minibussen kan hente elevane ved Misje skule, og ikkje ved den private kaien på Misje.</p> <p>Vi drøfta denne saka litt vidare. Spørsmål vi stiller oss er om den nye avtalen vil føre til ein tryggare trafikksituasjon for elevane? Det kom også fram i drøftinga at vintervedlikehaldet av vegane på Misje ikkje har fungert godt nok denne vinteren. Korleis vil ny henteavtale påverke det vidare vintervedlikehaldet av vegen ned til kaien i nord? Rektor tek kontakt med samferdsleavdelinga for å få svar på desse spørsmåla.</p>
<b>28-20/21</b>	<p><b>Foreldremøter</b></p> <p>Plangruppa ved skulen har drøfta at det er ønskjeleg å få gjennomført fysiske klasseforeldremøter i løpet av våren dersom smittesituasjonen tillet det. Utviklinga med tanke på mutert virus gjer at det er lite sannsynleg at det blir gjennomført fysiske klasseforeldremøter før sommaren.</p>
<p><b>Neste møte i SU: 29.04.21 kl. 18-20</b></p>	
<p><i>Referent:</i>  <i>Anita Vabø</i>  <i>Rektor</i></p>	